



Føresegner for Reguleringsplan for Reita 1 - Bygstad

Pgr.1

1.1 Det regulerte området er vist på planen med plangrense.

Pgr. 2.

2.1 Området er regulert til :

OFF. TRAFIKKOMRÅDE	-	riksveg
	-	off. parkeringsplassar
	-	anna trafikkarealareal
SPESIALOMRÅDE	-	gravplass
KOMBINERTE FORMÅL	-	gravplassområde, park

Pgr. 3. OFF. TRAFIKKOMRÅDE

3.1. Anna trafikkareal

3.1.1

Eitt av måla med reguleringsplanen er å få etablert ein gangareal som bind saman skule, kyrkje, samfunnshus og gravplassområde på ein trygg og funksjonell måte. Området vert definert som sentrumsområde, og Anna trafikkareal kan regulerast til fortau i reguleringsplan som omhandlar trafikale problemstillingar.

3.1.2.

Dimensjonering av fortau må tilpassast eksisterande føresetnader, i samband med utarbeiding av detaljplan.

Pgr. 4. SPESIALOMRÅDE

4.1. Gravplass (G 1a, 1b og 1c).

4.1.1.

Innan eksisterande gravplassområde kan det i tillegg til graver etablerast anlegg som har tilknytning til bruk og drift av gravplassen.

4.1.2.

For eksisterande gravplassområde må det utarbeidast eigen situasjonsplan – ”Plan for Gravplass”, som gjev ein detaljert oversikt over alle eksisterande graver, og korleis nye graver og anlegg skal innpassast.

4.1.3.

”Plan for Gravplass” skal reviderast med jamne mellomrom, etter kvart som bortfall av gamle graver gjev plass for nye graver – eller annan bruk av arealet – med det formål at området til ein kvar tid skal ha ein mest mogeleg fornuftig utnytting og tiltalende utforming.

Pgr. 5. KOMBINERTE FORMÅL

5.1. Gravplassområde, park (G/P 1 og 2).

5.1.1.

Formålet med desse områda er å gje plass for utvida gravplasskapasitet, samtidig med ein parkmessig utforming, som gjer at heile gravplassområdet får ein tiltalende utsjånad i seg sjølv – og i høve til omgjevnaden.

5.1.2.

Innan områda G/P 1 og 2 kan det etablerast anlegg som har tilknytning til drift av gravplassane, samt vegetasjon, møblering, utsmykking m.m. med parkmessig samanheng.

5.1.4.

Det skal utarbeidast eigen Kyrkjegardsplan for G/P 1 og 2 - som er samordna med ”Plan for Gravplass” (jfr §4.1.2.). Kyrkjegardsplanen skal godkjennast av kommunen.

5.1.5.

Før utbygging av G/P 1 skal gravplasskapasiteten vurderast på nytt.

Pgr. 6. PLAN-KRAV

6.1.1.

Alle nye tiltak skal ha løyve etter gjeldande reglar i PBL.

6.1.2.

Det må utarbeidast planar som viser teknisk del som spesifikt gjer greie for hovudprinsippet for drenering i dei ulike områda.

6.1.3.

I tillegg til desse føresegnene gjeld generelt Dept. sine forskrifter av 10. januar 1997 i medhald av lov av 7. juni 1996 om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (gravferdslova).

Elles gjeld det eigne Kyrkjegardsvedtekter for Gaular Kommune, datert 07.12.2004

Pgr. 7. GENERELT

7.1.1.

Kommunen kan gjere mindre unntak frå reguleringsplan og reguleringsføresegner, innafor rāmene som til ei kvar tid er fastlagde i gjeldande Plan- og bygningslov, vedtekter og føresegner.

7.1.2

Det skal gjerast arkeologiske vurderingar for alle nye tiltak som er skissert i planen.

Sande den 09.03.2009